

SELJORD KOMMUNE

Planstrategi 2016 - 2019

08.09.2016



Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men kommunestyret si prioritering av planressursane i valperioden. Planstrategien skal klargjere kva for planoppgåver som skal gjennomførast for å legge til rette for ei ynskt utvikling i kommunen.


Innhold

Innleiing	1
Nasjonale forventningar.....	2
Evaluering av gjeldande kommuneplan	3
Utviklingstrekk og utfordringar	4
Vurdering av planbehovet - rullering av kommuneplanen	4
Kommuneplanens samfunnsdel (2006):	4
Kommuneplanens arealdel (2006):.....	4
Vurdering av planbehovet – rullering av kommunedelplanar	4
Vurdering av planbehovet – temaplanar som ikkje følgjer plan- og bygningslova	5
Nye planbehov i perioden.....	5
Planar som utgår.....	6

Innleiing

Kommunestyret skal gjennom planstrategien ta stilling til om kommuneplanen skal rullerast. Systematisk planlegging er naudsynt for å sikre ei målretta utvikling av Seljord som lokalsamfunn og som organisasjon. Planlegging skal vere behovsstyrt, realistisk i høve til tilgjengelege ressursar og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Figuren under viser planstrategien sin plass i det kommunale planhierarkiet:



Nasjonale forventningar

Staten har samla sine forventningar til kommunal planlegging i eit eige forventningsdokument,



forventningane er konkretisert innafør 3 tema:

- Gode og effektive planprosessar
- Bærekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområder

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommune og kommune legg særskilt vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningane er såleis retningsgivande for kommunens planlegging.

Tabellen under viser dei nasjonale forventningane og korleis Seljord kommune prioritetar desse i sin planstrategi:

Nasjonale forventningar	Prioritert tema frå kommunen i planstrategien	Oppfylging for å sikre betre samhandling nasjonalt og regionalt
Gode og effektive planprosessar		
Enklare regelverk og betre samarbeid	Høgt	Auka ansvar til kommunen for nasjonale, regionale og lokale interesser, samt auka lokalt sjølvstyre. Endringar i lovverk er viktig for å sikre dette. Samhandling på tvers av regionar og samordning av regionale planar er naudsynt.
Målretta planlegging	Middels	Planar med konkrete tiltak som gjer føringar for kommunale planar må vere forutsigbare og vere tufta på lokalt og regionalt samarbeid.
Auka bruk av IKT i planlegginga	Lågt	Seljord kommune har gode rutinar og oppdatera IKT løysingar som sikrar godt samspel med regionale og nasjonale mynde.
Bærekraftig areal og samfunnsutvikling		
Eit klimavenleg og sikkert samfunn	Høgt	Rullere klima og energiplan for Seljord, samt få ei oppdatera overordna ROS og beredskapsplan.
Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar	Høgt	Seljord har fleire viktige natur- og kulturvern områder som ein skal forvalte gjennom heilskapleg arealplanlegging.
Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse	Høgt	Satsing på auka næringsutvikling og arbeidsplassvekst er eit viktig område som ein må jobbe med utover eigen kommune. Statlege verkemiddel som Innovasjon Norge og SIVA er viktige satsingsområder for sterke distrikta.

Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde		
Samordna bustad, areal- og transportplanlegging	Høgt	Nye nasjonale retningslinjer for samordna bustad, areal og transport, samt ATP Telemark gjer viktige føringar for utvikling av tettstader og arealutnytting i sentrumsområder.
Eit framtidretta og miljøvenleg transportsystem	Høgt	Seljord er eit regionalt viktig knutepunkt for kollektivtransporten i fylket. Eit betre utbygd kollektivtilbod og gode samferdselstiltak på riks og fylkesvegsnettet er viktig for ein bærekraftig distriktspolitikk.
Levande by- og tettstadsenter	Høgt	Utvikling av Seljord sentrum med fokus på gode bu-kvalitetar og ei framtidretta stads-utvikling har fortsatt høg prioritet.
Helse og trivsel	Høgt	Ny samfunnsplan skal sette klare mål for korleis kommunen skal lykkast med det gode livsløpet med særskilt fokus på born og unge.

Evaluering av gjeldande kommuneplan

Samfunnsdelen av kommuneplan for Seljord kommune vart vedtatt i 2006. Planen har fleire og gode strategiar og mål for Seljordssamfunnet, men planen er ikkje utarbeida etter ny plan og bygningslov. Såleis er det ikkje er godt nok styringsverky for kommunens langsiktige utvikling. Det er viktig at samfunnsdelen gir heilskaplege og langsiktige mål og strategiar for heile den kommunale verksemda og for alle områder som kommunen forvaltar. Gjeldande plan gir ikkje dette tilstrekkeleg, og det er allereie klart at kommunen skal rullerer samfunnsdelen med oppstart hausten 2016.

Det vil bli fokusera på at samfunnsdelen skal ivareta behovet for klare strategiske målsettingar for korleis kommunen sin ynskja samfunnsutvikling skal realiserast, samt korleis kommunen sin organisatoriske utvikling best mogleg skal bygge opp under desse.

Arealdelen av kommuneplan for Seljord vart vedtatt i 2006. For Flatdal (1991) og Seljord sentrum (2012) er det utarbeida eigen kommunedelplan. Administrativ evaluering av kommuneplanen sin arealdel er at denne fungerer dårleg som styringsverky. Planen er grovmaska og det er fleire områder som manglar grunnleggande kunnskap mellom anna knytt til skred og flaumfare. Dei fleste område for spreidd hyttebygging er bebygd og det vert stadig gjeve dispensasjon frå planen på dette området. Arealpolitikken i pressområdet Seljord sentrum, er godt ivareteken gjennom kommunedelplan for Seljord sentrum som er under revidering. Planen skal endeleg vedtakast til hausten 2016.

Seljord kommune bør leggje opp til å få til ei systematisk god struktur på overordna planlegging som grunnlag for prioritering av ressursar. Stram økonomi gir likevel ikkje mykje rom for å prioritere fleire nye satsingsområde innan samfunnsområdet. Kommunens primærområder må sikrast gode vilkår og utviklinga må syne eit tett samspel mellom må og vil oppgåver i vidare oppfølging av handlingsdelen.

Nye planar skal utarbeidast etter mal frå samfunnsdelen med konkrete tiltak som byggjer oppunder kommuneplanens mål og strategiar. Overordna mål og strategiar bør også gjerast betre kjent nedover i organisasjonen. Det er knapphet på ressursar i organisasjonen til å

gjennomføre planarbeid etter plan og bygningslova, samt fylgje opp desse. Ny planstrategi bør difor ikkje leggje opp til eit omfattande og ressurskrevjande plan hierarki. Dersom det blir ny kommune mellom Kviteseid og Seljord etter avklaring om ny kommunestruktur bør ny samfunnsdel vere eit planarbeid som begge kommunane utarbeidar i fellesskap.

Utviklingstrekk og utfordringar

Utfordringar i kommunal tenesteyting og samfunnsutvikling for Bø, Nome, Sauherad og Seljord kommunar er vist i vedlagte utfordringsnotat. Utfordringsnotatet er utarbeidd av interkommunalt planforum i Midt-Telemarkrådet saman med Seljord.

Planressursane i perioden bør prioriterast på bakgrunn av dei utfordringane kommunen står ovanfor. Notatet viser tydlege utfordringar knytt til særskilt demografi og eit behov for auka befolkningsvekst.

For tenester innan helsesektoren og korleis ein skal møte utfordringar med stadig aukande tal på eldre bør ein vurdere i eigen kommunedelplan.

Klimaendringane i verda gjer store utslag for Seljordssamfunnet. Større og hyppigare flaumar, fare for skred og øydelagt infrastruktur vil gje utfordringar i åra framover. Å møte desse krev langsiktig planar som er oppdatert i høve til siste prognosar.

Vurdering av planbehovet - rullering av kommuneplanen

Kommuneplanens samfunnsdel (2006):

Administrasjonen vurderer planen som eit dårleg styringsverktøy.

Det vert lagt opp til rullering av samfunnsdelen i inneverande periode med oppstart hausten 2016. Dersom det vert kommunesamanslåing vil det vere behov for å utarbeide ein ny samfunnsdel for den nye kommunen som er klar til vedtak når nytt kommunestyre trer saman.

Kommuneplanens arealdel (2006):

Administrasjonen vurderer planen som eit dårleg styringsverktøy. Planen er grovmaska og det er fleire områder som manglar grunnleggande kunnskap mellom anna knytt til skred og flaumfare. Dersom det vert fatta vedtak om kommunesamanslåing, bør rullering av arealdelen prioriterast med oppstart mot slutten av perioden.

Dersom det ikkje vert kommunesamanslåing, bør planen rullerast når det føreligg kunnskapsgrunnlag for skredfare. Det er fatta vedtak om statleg kartlegging og denne kjem i gang i 2017/18.

Vurdering av planbehovet - rullering av kommunedelplanar

- *Kommunedelplan for Seljord sentrum (2012):* Planen blei revidert med oppstart i førre periode. Administrasjonen ser ikkje behov for å rullere denne på nytt i inneverande periode, det vil bli fatta vedtak om revidert kommunedelplan hausten 2016 dersom alt gjeng etter planen.

- *Kommunedelplan for Flatdal (1991)*: Planen bør rullerast, men rullering av kommuneplanens arealdel er høgare prioritert då dette arbeidet vil gje viktig informasjon om flaum og skredfaren i området. Når arealdelen er ferdig bør ein vurdere om rullering av kommunedelplan for Flatdal er naudsynt.

Vurdering av planbehovet – temaplanar som ikkje følgjer plan- og bygningslova

- *Bustadpolitisk plan 2013 – 2017*. Planen bør rullerast når samfunnsdelen er vedteken. Rulleringa skal byggja opp under mål og strategiar i kommuneplanen for auka befolkningsvekst og bustadutvikling.
- *Klima og energiplan for Seljord kommune 2009 – 2012*. Planen bør rullerast når samfunnsdelen er ferdig. Telemark fylkeskommune får utarbeida eigen klimaprofil i løpet av vinteren 2016, denne bør danne grunnlag for oppstart av planarbeidet.
- *Handlingsplan for undervisningssektoren 2013 – 2017*. Planen bør rullerast og ein bør utarbeide ny, revidert versjon for planperioden 2016 - 2019.
- *Plan for trivsel og oppvekst* – Bør rullerast og utarbeidast som eigen kommunedelplan når samfunnsdelen er ferdig, med tema Det gode livsløp med fokus på born og unge.
- *Plan for idrett og friluftsliv* – planen er ikkje prioritert og bør sjåast i samanheng med utarbeiding av samfunnsdelen og i samband med dette vurdere om det er behov for eigen plan på området.
- *Plan for folkehelse* – planen er ikkje prioritert og bør sjåast i samanheng med utarbeiding av samfunnsdelen og i samband med dette vurdere om det er behov for eigen plan på området.
- *Plan for barnefattigdom* – planen har ikkje hatt fokus dei siste 3 åra. Den er ikkje løfta til politisk handsaming og bør difor inngå som eit fokusområde når kommunedelplan for trivsel og oppvekst startar opp.
- *Omsorgsplan 2015 – 2018*. Bør rullerast og utarbeidast som eigen kommunedelplan når samfunnsdelen er ferdig. Korleis kommunen skal handtere den demografiske endringa med stadig eldre innbyggjarar må ha fokus.
- *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016- 2019*. Planen er nyleg revidert og vedtakast sommaren 2016, ingen behov for rullering i planperioden.
- *Overordna ROS analyse 2016 - 2019*, ferdigstillast i løpet av juni 2016 - Analysa skal rullerast minst ein gong kvart 4. år. Oppstart med ny rullering 2019. Ny kunnskap om klimaprognosar for Telemark må leggjast til grunn ved ei ny rullering.
- *Berdeskapsplan og plan for kriseleiinga 2016 – 2019*, planen skal etter planen vere ferdig medio juni 2016. Vurdere rullering i slutten av perioden.
- *Trafikktryggleiksplan 2016 - 2019*: Planen bør rullerast i slutten av perioden. Jamleg rullering av planen er ein føresetnad for at kommunen skal kunne søke om trafikktryggleiksmidlar frå Telemark fylkeskommune.

Nye planbehov i perioden

Kommunen sin overordna plan for vassforsyning og avløpshandtering skal ferdigstillast i løpet av 2018. Konsekvensar av klimaendringar må vurderast i planen.

Plan	2016	2017	2018	2019	
Kommuneplanens samfunnsdel 2006 - 2021	X				Oppstart planprogram hausten 2016
Kommuneplanens arealdel 2006 - 2021			X		Oppstart når arbeidet med statleg farekartlegging er ferdig
Kommunedelplan for Seljord sentrum 2016 - 2031					Ingen rullering i perioden
Kommunedelplan for Flatdal 1991 - 2006				X	Vurdere rullering når statleg farekartlegging og kommunes arealdel er ferdig utarbeida
Omsorgsplan 2015 - 2018			X		Rullering av ny plan – planen bør utarbeidast som ein kommunedelplan (KDP) når samfunnsdelen er ferdig
Plan for trivsel og oppvekst		X			Rullering av ny plan – planen bør utarbeidast som ein kommunedelplan (KDP) når samfunnsdelen er ferdig
Bustadpolitisk plan 2013- 2017			X		Rullere planen så den samsvarar med overordna mål og strategiar i samfunnsplanen.
Klima og energiplan 2009 - 2012		X			Planen bør rullerast når samfunnsdelen er ferdig.
Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016- 2019					Ingen behov for rullering i perioden
Handlingsplan for undervisningssektoren 2013 – 2017	X				Planen skal rullerast
Overordna ROS analyse 2016 - 2019				X	Oppstart med ny rullering i slutten av perioden
Berdeskapsplan og plan for kriseleiinga 2016 – 2019				X	Oppstart med ny rullering i slutten av perioden
Trafikktryggleiksplan 2016- 2019				X	Oppstart rullering i slutten av perioden
Overordna plan for vassforsyning og avløpshandtering	X				Ny plan skal ferdigstillast i løpet av 2018. Konsekvensar av klimaendringar må vurderast i planen.

Planar som utgår

- Plan for barnefattigdom – innarbeidast med tiltak i KDP for trivsel og oppvekst
- Plan for folkehelse – Eiget fokusområde i samfunnsdelen ikkje behov for eigenplan då folkehelseomsynet skal vere tilstade i alle planverk.
- Plan for idrett og friluftsliv – Eige fokusområde i samfunnsdelen – vurdere planbehov.